

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 09.01.2017

Vår ref.: 201301185-8

Arkiv: 312 / 068.620

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Tonje Aars Grønbech

22959206 / tagr@nve.no

## **Asun (SUS) – Søknad om løyve til å nytta vassfallet i Fossdalselva for å byggja ut Fossdalen kraftverk i Gulen kommune i Sogn og Fjordane – høyring**

NVE har motteke ein søknad frå Asun (SUS), datert 12.12.2016, om løyve til å nytta vassfallet i Fossdalselva for å byggja ut Fossdalen kraftverk i Gulen kommune.

Fossdalselva ligg i Austgulen i Gulen kommune. Elva har utløp frå Stølsvatnet og renn vidare nedover Fossdalen og ender ut i Austgulenfjorden.

Fallhøgda er på 285 meter. Asun (SUS) planlegg å installere ein Peltonturbin med slukeevne på 263 % av middelvassføringa. Installert effekt blir på 2,95 MW, med ein årsproduksjon på om lag 8,8 GWh. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 25 l/s. Vassveg vert grave ned heile strekninga som er om lag 1000 meter lang. Utbyggingskostnad vert om lag 3,4 kr/kWh.

Fossdalen Kraftverk er tenkt som eit typisk elvekraftverk utan overføringar og reguleringar. Den berørte elvestrekninga er ca. 1000 meter. Inntaksdammen vil liggja nedsprengt i terrenget og vil være tildekkja av stadlig vegetasjon. Rørygata vil bli nedgravea på austsida av elva. Stasjonen vil tilpassast terrenget.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Fossdalen kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Gulen kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på postmottaket på kommunehuset fram til **25.02.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **25.02.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Tonje Aars Grønbech  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Orientering til høyringspartane

Kunngjering

Mottakerliste:

BKK Nett AS  
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Gulen kommune  
Kystverket Vest  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane  
Norges Miljøvernforbund  
SFE Nett AS  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sogn og Fjordane Turlag

Kopi til:

Rune Dyrkolbotn